



Arkivsak 200808012-1
Arkivnr. 146
Saksh. Haugland, Tone Stedal

Saksgang	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet	19.08.2008
Fylkesutvalet	26.08.2008

LØKEN-UTVALET. FRÅSEGN

SAMANDRAG

Forenklet, samordnet og uavhengig - Om behov for endringer i tilskuddsforvaltningen for kunst- og kulturfeltet

Kultur- og kyrkjedepartementet oppnemnde 10. oktober 2007 eit utval for å gjennomgå tildeling av statstilskot til kulturføremål. Utvalet vart kalla Løken-utvalet Utvalet la fram si første delutgreiing om det rytmiske musikkområdet i februar, og sluttrapport vart lagt fram 5.juni 2008.

Rapporten er sendt ut med høyringsfrist 1. september.

Rapporten gir ei god oversikt over gjeldande statlege tilskotsordningar, og gir i hovudsak gode forslag til omstruktureringar av desse. Hordaland fylkeskommune er oppteke av desse m.a. for å kunne tilpasse egne ordningar til å vere best mogleg supplerande.

Viktige stikkord i rapporten er forholdet mellom kunstfaglege og politisk motiverte vurderingar, effektivisering av byråkratiet rundt ordningane, og høve til innsyn i avgjersler.


FORSLAG TIL INNSTILLING

1. Løken-utvalet peikar på trongen for meir systematisk og kontinuerleg innhenting av kunnskap, mellom anna om korleis gjeldande tilskotsordningar samspekar med andre tilskotsordningar. Hordaland fylkeskommune ber Kultur- og kyrkjedepartementet om å ta initiativ til ein meir systematisk gjennomgang av heilskapen i norsk kulturforvaltning, med vekt på samhandling og oppgåvefordeling mellom forvaltningsnivåa. I dette arbeidet må og regionale interesseorganisasjonar trekkast inn.
2. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til framlegget om at det må opprettast ordningar for vidareføring av støtte ("videreføringsstøtte").
3. Løken-utvalet peikar på dei utfordringar som gjeld omsynet til naudsynt desentralisering og

spreiing av skjønnsutøving når det gjeld tildeling av kulturmidlar. Kultur- og kyrkjedepartementet må følgja opp arbeidet med retningsliner og utforming av praksis som sikrar at desse omsyna vert ivareteke.

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Paul M. Nilsen', with a long horizontal stroke extending to the right.

Paul M. Nilsen

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Ronny B. Skaar', with a long horizontal stroke extending to the right.

Ronny B. Skaar

FYLKESRÅDMANNEN, 06.08.2008:

Kultur- og kyrkedepartementet oppnemnde 10. oktober 2007 eit utval for å gjennomgå tildeling av statstilskot til kulturføremål. Utvalet vart kalla Løken-utvalet etter leiaren i utvalet Lene Løken, direktør i FILM&KINO. Utvalet la fram si første delutgreiing "For full musikk" om det rytmiske området i februar, og sluttrapport vart lagt fram 5.juni 2008.

Sluttrapporten er sendt ut med høyringsfrist 1. september.

Utvalet sine vurderingar og forslag i delutgreiinga vart i stor grad lagt til grunn for Stortingsmelding nr. 21 *Samspill. Et løft for rytmisk musikk* som vart lagt fram av Kultur- og kyrkedepartementet i april. Stortingsmeldinga legg fram fleire føringar og konkrete tiltak som i hovudsak er godt motteke av musikkorganisasjonane i vår region. Dette er første gong det har vore gjort eit slikt arbeid innan feltet rytmisk musikk.

Denne meldinga la også nye føringar for arbeidet med den endelege rapporten. Interesseorganisasjonar vart involvert og har kome med innspel til delrapporten.

Over Kultur- og kyrkedepartementet sitt budsjett skjer tildeling av tilskot dels av departementet, av underliggjande instansar og dels av ikkje-statlege verksemdar og organisasjonar. Mandatet Løken-utvalet fekk frå Kultur- og kyrkedepartementet var å gå gjennom fordelingsmekanismane og fremje forslag som skulle bidra til følgjande mål:

- leggje til rette for nyskaping og utvikling
- redusere kostnadskrevjande byråkrati og frigjere ressursar til kunstnarleg verksemd
- gje større ansvar og fridom til dei enkelte institusjonar på kulturfeltet
- desentralisere og spreie beslutningar og utøving av skjønn
- styrkje prinsippet om armlengds avstand mellom politikk og kunstfagleg skjønn
- bidra til betre høve til innsyn i ulike beslutningar.

Utvalet har i hovudsak evaluert stønadsordningar innan Norsk Kulturråd, Statens kunstnarstipend, Fond for lyd og bilde og Fond for utøvende kunstnere. Måla utvalet har jobba etter er å frigjere ressursar til kunstnarleg verksemd, å forenkle byråkratiet i forvaltningsorgana og å skape ein lettare og friare kvardag for kunstnarane.

Løken-utvalet meiner det er behov for eit skilje mellom kulturpolitikk og kunstfagleg skjønnsutøving. Uttrykket armlengds avstand vert brukt som eit viktig prinsipp. Dei skil også mellom mindre summar som vert delt ut etter "raskt og nært" - prinsippet og større stønader som vert delt ut etter "sakte og grundig" - prinsippet. Dei meiner i hovudsak at store midlar bør forvaltast av sentrale organ som Norsk Kulturråd og Statens kunstnarstipend, mens mindre støtte best kan vurderast og tildelast gjennom regionale ledd av organisasjonar som for eksempel Norsk musikkråd.

Utvalet peikar i rapporten også på eit misforhold mellom tall på søkjarar og tall på løyvingar. Ein del av desse ordningane er etablert på 1970-talet og har ikkje vore forandra i takt med utviklinga på kultur/kunstfeltet.

Hovudpunkta i forslaget til Løken-utvalet er:

- Å arbeide fram klarare kriterium for tildeling.
- Å gi søkjarane innsyn i kven som har fått og ikkje fått stønad.
- Å opprette ein felles database med felles søknads- og rapporteringshandsaming.
- Å slå saman Fond for lyd og bilde og Norsk kulturråd.
- Å dele Norsk kulturråd i eit sjølvstendig råd og ein forvaltningsfunksjon.

- Å opprette fire tilskotsordningar for alle kunstområde: arrangørstønad, utstyrsstønad, driftsstønad og stønad til infrastruktur.
- Å opprette ei ordning med prosjektstøtte for områda musikk, scenekunst, biletkunst og litteratur, som skal forvaltast av Kulturrådet.
- Å fase ut ordninga med garantiinntekt og erstatte ho med arbeidsstipend som kan gis over ein

Rapporten har blitt ei god oversikt over dei statlege tilskotsordningane. Løken-utvalet meiner at det er behov for meir systematisk, heilskapleg og samanstillt forskning, kunnskap og statistikk om det frie kunst- og kulturfeltet. Hordaland fylkeskommune stiller seg sterkt bak dette og ønskjer at det vert sett meir systematisk på kulturforvaltninga både på statleg, regionalt og lokalt nivå. Dette ville kunne klargjere oppgåvefordeling og betre samordninga mellom dei ulike forvaltningsnivå. Av eit samla nasjonalt tilskot til kulturføremål på om lag 16 milliardar, står staten for 5,5 milliardar, fylkeskommunane for om lag 2 milliardar og kommunane for 8,5 milliardar.

Det får klare konsekvensar på fylkeskommunalt forvaltningsnivå korleis dei statlege ordningane fungerer. Løken-utvalet ser i dag to høve for aktørar som ønskjer vidareføring av den tre-årige prosjektstøtta frå Kulturrådet – anten å søkje om stønad til nytt prosjekt eller å få fast stønad frå post 74. I realiteten opplever kommunar og fylkeskommunar stadige utfordringar i å følge opp prosjekt som har fått treårig stønad frå Kulturrådet når denne støtta opphøyrar. Dette gjeld prosjekt som har utvikla seg og der det dermed er ønskje om vidare eksistens innan fastare former. Dette kan vere prosjekt som fylkeskommunen ikkje har vore i kontakt med i den tidlegare fasen og som kan vere vanskeleg å støtte på tilfredsstillande måte innan dei rammene og prioriteringane fylkeskommunen har. Difor er det på høg tid at Staten tek tak i å utvikle ordningar for vidareføring av prosjektstønad, og vi støttar Løken-utvalet sitt forslag om høve til å søke om fornya periode i Kulturrådet og etter dette høve til overføring til midlar direkte frå statsbudsjettet. I kapittel 4.4 diskuterer utvalet desentralisering og ulike former av dette utan at vi finn nokon klare konklusjonar. Hordaland fylkeskommune ser at ein av dei positive effektane av politisk desentralisering som utvalet legg fram – ”spesielt fylkeskommunal kulturforvaltning ville bli bedre i stand til å sikre infrastruktur for å ta imot kunstutøvere og for å legge til rette for kunstnerenes utvikling lokalt” er eit viktig tema for oss.

Fylkeskommunen har også eit godt samarbeid med det sterke miljøet innanfor rytmisk musikk i Bergen/Hordaland m.a. v. nettverksorganisasjonane BRAK og Vestnorsk Jazzsenter. Desse har sterk kompetanse og spelar ei viktig rolle i regionen og har vore/er føregangsorganisasjonar i nasjonal samanheng. Dei har i vår etablert eit formelt samarbeid for å vidareutvikle og samle kompetansen på rytmisk musikk som aktørar/organisasjonar spesielt på Kulturhuset USF har. Rolla til aktørar som f.eks. dei regionale musikkråda er også diskutert noe i rapporten. Hordaland fylkeskommune ønskjer at det jobbast vidare med det regionale perspektivet og at kulturforvaltninga på fylkeskommunalt nivå vert tatt med på denne diskusjonen/utviklinga.

Hordaland fylkeskommune er opptatt av at fordelinga av midlar skal desentraliserast og av at skjønnvurderingane skal spreiaast. Løken-utvalet meiner at det bør leggjast til rette for betre innsyn i tilskotsforvaltninga på kunstfeltet. Vi stør utvalet sin innstilling på at det bør vere mogleg å få innsyn også i kven som har fått avslag. Vi ser dette som viktig for å kunne følge med i utviklinga og sjå og avdekke evt. tendensar i skjønnsutøvinga. Forslaget om ein felles database for dei statlege ordningane kan føra til betre innsyn.

Rapporten speglar også ønskje om både nyskaping v. prosjektutvikling og ønske om å legge til rette eit økonomisk grunnlag for enkeltkunstnarar til å utøve sitt yrke. Hordaland fylkeskommune ønskjer også betre statlege ordningar som kan gje ei betre og meir forutsigbar drift for kunst- og kulturarrangørar som driv på heilårsbasis og som ligg som grunnlag for nyskaping og utvikling.

Rapport finn ein på:

http://www.regjeringen.no/upload/KKD/Kultur/sluttrapport_lokenutvalg_juni2008.pdf